

Lasteevne og køyring med tilhengar

1. Kor stor nyttelast kan denne bilen ha? Kva for ulemper kan du oppleve dersom du har for tung last i bilen?

Sjekk i vognkort. Ulemper: Køyreeigenskapane vert påverka, lengre bremselengde og blendingsfare.

2. Kor stor taklast kan denne bilen ha? Kva for ulemper kan du oppleve dersom du har for tung last på taket?

Sjekk i vognkort under «Tillaten taklast», er det ikkje oppgitt er det vanleg med ein taklast mellom 30-100 kg. Hugs å kontroller takboksen si vektbegrensing. Ulemper: Lengre bremselengde og fare for at lasten ramler av.

3. Kontroller om bilen er forsvarleg lasta.


Fjern lause gjenstander som kan forårsake skade eller rulle under pedalane. Legg tunge ting lågt bak setene i bilen eller i bagasjerommet.

4. Kor stor tillatt totalvekt kan tilhengaren ha når føraren har førarkort klasse B? Kva konsekvensar kan det få å køyre med for tung tilhengar?

Bilane våre si vekt tilseier at me kan nytta oss av «campingvogn-regelen». Den seier at bil + tilhenger ikkje kan vege meir enn totalt 3500 kg. Ta difor utgangspunkt i 3500 kg og trekk i frå «tillaten totalvekt» i bilen sitt vognkort. Veggrep på framhjula vert redusert, kursstabiliteten vert redusert, bremselengda aukar, fare for blanding dersom lyktene og fronten på bilen vert heva samt bøtelegging då det er ulovleg.

Bremser

5. Kontroller at bremsekraftforsterkaren virkar. Er det forsvarleg å køyre dersom bremsekraftforsterkaren ikkje virkar?

Når bilen er skrudd av pumpebrems 5-6 gonger til bremsepedalen vert hard. Hald pedalen inne medan du skrur på motoren og kjenn at pedalen sig inn. Denne kontrollen er ikkje mogleg på alle nye bilar. Måten ein går fram på då er å starte motoren og identifisere lampen med symbolet , ta av håndbrekken og sjå at lampen sloknar. Virkar ikkje bremsekraftforsterkaren er det normalt sett ikkje forsvarleg, då det gjev nedsett bremseeffekt og tung pedal (motorstopp og tauing).

6. **Kontroller bremsevæsknivået. Kva vil du gjere dersom bremsevæsknivået er for lågt?**

Kontroller måleeeininga på behaldaren i motorrommet. Sjå [side 30](#). Årsaken kan vere slitte bremseklossar eller lekkasje, oppsøk verkstad, IKKJE etterfyll bremsevæske.

7. **Kontroller om bremsene har skeivtrekk. Kva kan vere årsaken til skeivtrekk?**
Bremsing frå ca. 30 km/t med laust rattgrep. Feil ved bremsene.

8. **Kontroller at varsellampa for ABS-bremsene virkar. Er det forsvarleg å køyre vidare dersom varsellampa byrjer å lyse under køyring?**

Skru på tenninga, varsellampa skal lyse, og deretter slokne. Sjå [side 31](#). Ja, men feilen bør rettast.

9. **Kontroller at varsellampa for to-krets bremsesystemet virkar. Kva vil du gjere dersom lampa byrjer å lyse under køyring?**


Skru på tenninga og varsellampa lyser om håndbrekken står på. Sjå [side 31](#). Stanse, finne eventuell årsak. Kontroller om bremsene virkar.

Hjul og dekk

10. **Kontroller dekk og felg for skadar. Kva skadar er mest vanleg?**

Visuell kontroll. Rifter/sår på dekkssidene, bulk i felgkant.

11. **Kontroller dekkslitasjen på begge framdekk. Kva kan slitasjen fortelje deg?**



For mykje luft



For lite luft



Feil hjulstilling

12. **Kontroller mønsterdjupnaden på begge framdekk. Kva er risikoen ved å køyre med for lite mønsterdjupnad?**


Visuell kontroll, målar eller slitasjevarslar på dekk. Dårlig veggrep og vannplaning.

13. **Kva er riktig lufttrykk i framhjula på denne bilen? Kontroller at lufttrykket er riktig i framhjula.**
Sjå i instruksjonsbok, spesielt merka i dørkarmen eller under tanklokk. Visuelt eller ved bruk av lufttrykksmålar.
14. **Kontroller at begge framhjula på denne bilen har nok mønsterdjupnad. Kva er kravet til mønsterdjupnad på vinter- og sommardekk?**
Visuell kontroll, eventuelt med målar. Målt på mest slitte staden er kravet på vinterdekk min 3 mm og sommardekk min 1,6 mm.
15. **Kva er riktig dekkdimensjon på denne bilen? Kontroller at framhjula på denne bilen har riktig dekkdimensjon.**
Sjekk i vognkortet. Døme: 235/60R18. Visuell kontroll.
16. **Kor stor bæreevne (Load Index) må dekk på denne bilen ha? Kontroller at framhjula på denne bilen har riktig bæreevne.**
Sjekk i vognkortet, min LI. Visuell kontroll, står bak dekkdimensjonen på dekket.
17. **Vis kor jekken eller likande utstyr ligger.**
Opne bakluka og løft opp bagasjeromsgolv, der finn ein jekk og reservehjul. Nokre bilar har dekkskum på ein boks istaden for jekk og reservehjul.

Styring

18. **Kontroller at styringa er i orden. Kva kan vere årsak til at bilen dreg til ei av sidene?**
Rattutslag til begge sider, sjølvoppretting, ulydar og retningsstabilitet. Feil på hjulstilling eller ulikt lufttrykk.
19. **Kontroller at servostyringa virkar. Er det forsvarleg å køyre dersom servostyringa ikkje virkar?**
Start motor med rattbevegelse og kjenn at styringa går lett. Ja, men tung styring gjev andre eigenskapar.
20. **Kontroller at bilen er retningsstabil. Kva kan vere årsak til at bilen trekker til ei av sidene?**
Køyr i ca. 30 km/t med laust rattgrep. Pass på at vegen ikkje er ujamn. Feil lufttrykk i framhjul eller feil hjulstilling.

Lys

21. **Kontroller at alle bremselysa virkar. Er det forsvarleg å køyre når bremselysa ikkje virkar?**
Visuell kontroll. Utfør med pinne på bremsen, leggje noko tungt på pedalen eller ved å spegle bilen i eit butikkvindaug eller liknande. Nei, finn feilen (sikring eller pære).
22. **Kva for stilling skal lysbrytaren stå i for at baklysa skal lyse når du køyrer? Under kva køyreforhold er det viktig at baklysa er på?**
Biler med «Auto»-posisjon har normalt sett ikkje baklys på dagtid.
 Vri lysbrytaren til denne innstillinga
Ved køyring i mørket, og under vanskelege siktforhold som i tunnell, regn, tåke og snø.
23. **Kontroller at nødsignallyset virkar. I kva for situasjonar er det viktig å bruke nødsignallyset?**
Slå på lysa, visuell kontroll. Ved nødstop for å markere bil og situasjon.
24. **Kontroller at nærlyset virkar og at det er (nokolunde) riktig innstilt. Kva for ulemper vil det ha om nærlyset er feil innstilt?**
Køyr inn mot ein vegg eller liknande, visuell kontroll. Blending eller kortare siktstrekning.
25. **Kontroller at kurve-/tåkelyset virkar. Kva for ulemper vil det ha om kurve-/tåkelys vert brukt feil?**
Slå på lysa, visuell kontroll. Blendingsfare, irritasjon og forenkla forelegg.
26. **Kontroller at tåkebaklyset virkar. Kva for ulemper vil det ha om tåkebaklyset vert brukt feil?**
Slå på lysa, visuell kontroll. Sterkt blendande, særleg i tett og saktegåande kø.
27. **Kontroller at parkeringslys, baklys og skiltlys virkar. I kva for situasjonar er det viktig at parkeringslyset er i orden?**
Slå på lysa, visuell kontroll. Parkering i mørket utan andre lyskjelder.
28. **Sett på nødsignallyset. Kva lys må ikkje brukast saman med nødsignallyset?**
Utførast. Fjern- eller nærlys vil minske effekten av nødsignallyset.

Sikt

29. **Kontroller at vindaugviskaren virkar som den skal. Kva kontrollerer du på viskarblada?**
Prøve alle trinn. Slitasje, sår, laus gummi og striper på frontruta.
30. **Still inn varmeapparatet slik at is og dogg på frontruta vert fjerna så effektivt som mogleg. Still inn varmeapparatet slik du vil ha det under køyringa.**



Fjernar dogg på frontruta

31. **Vis korleis du vil fjerne dogg frå bakruta. Vis korleis du vil fjerne dogg og is frå speglane.**



Fjernar dogg på bakruta og sidespegl

32. **Kontroller at vindaugsspylaren virkar. Vis påfyllingsstaden for spylarvæske.**
Utførast. Identifiser behaldaren i motorrommet. Sjå [side 30](#).
33. **Still inn rattet slik du vil ha det når du køyrer.**
Dette gjer det lettare å sjå speedometer og meir komfortabelt å køyre.

Driftssikkerheit

34. **Kontroller at batteriet sitt fast. Kva er risikoen ved å køyre med laust batteri?**
Kjenn etter at batteriet sitt skikkelig fast. Syresøl, kortslutning. Sjå [side 30](#).
35. **Kontroller motoroljenivå. Vis påfyllingstaden for motorolje.**
Skal vere mellom min og maks på peilepinnen til motorolja. Sjå [side 30](#).

Sikkerheitsutstyr

36. **Kontroller alle bilbelta. Kva er risikoen ved å bruke bilbelter med slappe rullar?**
Visuell kontroll; slitasje, skadar, funksjonskontroll lås/rullar. Beltet vil ligge laust, strammar ikkje godt nok ved samanstøyt.
37. **Finn fram refleksvesten.**
Skal vere lett tilgjengeleg for førar, som regel i sidedør eller liknande.

38. **Finn fram og monter varseltrekanten. Kor langt frå bilen bør du gå før du setter den opp?**

Utførast. Godt synleg. Utanfor tettbebygd strøk: min 150 meter. Innanfor tettbebygd strøk: min 50 meter, vurder situasjonen.

39. **Kva vil du gjere om du kjem til ein tunnellbrann?**

Trykk på resirkulasjonsknappen i bilen og så raskt som råd steng tunnelen. Nyttar ein SOS-telefonane eller brannsløkkingsapparat stenger tunnelen.



Trykk på resirkuleringsknappen for å ikkje få røyk direkte inn i bilen. Kan og nyttast ved eksos i tunnell. Kan ved mykje fuktigheit i bilen skapa meir dogg.


Varselinnretingar

40. **Kontroller at hornet virkar. Kontroller at lyshornet virkar.**

Tut og blink med fjernlysa.

41. **Kontroller at varsellampa for kollisjonsputa virkar. Har det nokon betydning kva passasjer du plasserer i framsetet når bilen har kollisjonsputer?**

Utførast. Ja. Born og kortvokste kan verte skada dersom kollisjonsputene vert løyst ut.



Varsellampar

Varsellampane finn du i displayet på dashboardet. Det er viktig å kontrollere at alle varsellampane fungerer, slik at du får melding om noko skulle vere gale med bilen. For å teste at ein varsellampe fungerer, slår ein tenninga på, ser at den lyser, for deretter å slokne. Lyser ikkje varsellampen du sjekkar, må du fikse dette ved å byte lyspære eller kontakte ein verkstad. Fargane på varsellampane indikerer kor kritisk feilen er. Alltid undersøk om det er forsvarleg å forsetta køyringa dersom ein varsellampe lyser. Instruksjonsboka til bilen opplyser om tydinga til dei ulike varsellampane. Under har me plukka ut dei som er mest vanlege.



Parkeringsbrems
to-krets bremsesystem



Lading



Motoroljenivå kritisk



Setebelte



Airbag



Servostyring



ABS
(blokkeringsfrie bremsar)



Elektronisk stabilitets-
kontroll (ESP/VSA)



Dekktrykk



Drivstoffnivå lågt



Gløding (dieselmotor)



Motoroljenivå lågt



Motorfeil



Spylarvæske



Tåkelys



Fjernlys